

Høyringsuttale til saka: «Forslag til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren»

Kostbar sparing

Saka «Forslag til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren» i Surnadal engasjerer, og det er fullt forståeleg; det gjeld barna våre, bulyst og framtida. Alt for lang reisetid for skuleborna har vore nemnt i dei fleste høyringsuttaler, og er ei svært viktig side av saka. Reisetida for skuleborn som eventuelt må reise frå Bøfjorden til Øye blir pluss minus 2,5 t per dag, noko som er uforsvarleg for ein barneskuleelev.

Ved nedlegging av 3 skular, der barna blir flytta til Surnadal barne og ungdoms skule (SUBUS), er innsparinga estimert til i underkant av kr. 10 millionar, men; det er før kostnadar til opprusting og utbygging av inne og uteområdet ved SUBUS er teke med, og det må til for i heiletatt å få plass til forsvarleg leik og undervisning om det blir fleire elevar der. Dei som no har SUBUS som sin nærskule treng sårt den plassen dei no har. Heller ikkje kostnad til trafikktryggleikstiltak p.g.a. den auka trafikken fleire elevar medfører og auka antal foreldre som køyrer barna sine til skulen, er teke med. Det står i saka at om alle barneskuleelevar blir flytta til SUBUS slik det no er; «i flg. ROS-analysen vil det vere svært sannsynleg at det oppstår uheldige hendingar i trafikken, og konsekvensen vil vere alvorleg.» Ein ting er heilt sikkert; vi har ingen å miste.

Så til økonomien; ja eg skjønar at Surnadal kommune no er i ei knipe, men som konklusjon på det eg allereie har skreve, så trur eg ikkje det er ein reell økonomisk innsparing på kort sikt. Og det viktigast med tanke på økonomien og kommunen i si heilheit; er at eg meiner det blir eit tap på lang sikt. Færre blir buande eller flytter heimatt, og færre flytter til dei bygdene som har litt avstand til sentrum. Kommunedirektøren påpekte; at ved forandring må vi tenke nytt og omstille oss (som han sa på møte på Bøfjorden og Bæverfjord (BøBæ) oppvekstsenter i forbindelse med orientering om saka). Den tanken er eg stort sett einig i. Bøfjorden er fortsatt (og i likhet med dei andre bygdene i Surnadal), ei levande bygd med rikt næringsliv og mange ulike aktivitetar gjennom frivillige lag og organisasjonar. Vi møter framtida med optimisme og vilje til omstilling, men det er ei grense for alt, og bl.a. reisetida for skuleborna, og dens følger, kan vi ikkje omstille oss til. Vi håper Kommunen vil være ein medspelar, så vi og i framtida kan bu og trivast i aktive bygder, til glede for oss som bur her, resten av kommunen og fleire.

Elevtalet på BøBæ skule held seg stabilt så langt vi no ser inn i framtida (viser til tabell 4 i saka). Dette vil forandre seg ved eventuelt nedlegging av BøBæ, då det vil føre til opp mot tre timar reisetid til SUBUS for barneskuleelevar frå Bøfjorden. Bøfjorden som buplass for barnefamiliar vil då være lite aktuell, og det same kan vel og seiast om fleire av dei andre bygdene som ligg lengst frå sentrum. Mindre busetnad av barnefamiliar vil resultere i færre barn. Færre barn i grunnskulen vil bety færre barn på kulturskulen og anna fritidsaktivitetar, som igjen vil gi eit meir begrensa fritidstilbod. Surnadal vidaregåande skule (SVGS) vil og få færre elevar. Færre elevar ved SVGS betyr; ikkje så mange linjeval og ikkje så mange unge lokale fagfolk til næringslivet i regionen, og i verste fall nedlegging av vidaregåande skule i Surnadal. Redusering av linjer, samanslåing og sentralisering av dei vidaregåande skulane er sak på fylkesnivå og dessverre.

Om denne saka resulterer i nedlegging av fleire barneskular vil det få mange og langsiktige konsekvensar, og eg meiner Surnadal kommune «sparer seg til fant» ved forslaget om å ha berre ein barneskule i kommunen.

Gunhild Bøklep Bøe